

Årsrapport 2020 – Språkpolitisk utval og språkarbeid ved HVL

Innhald

Innleiing.....	2
Språkpolitisk utval.....	2
Medlemmer og utvalsmøte.....	3
Språkarbeid ved HVL i 2020	3
Kartlegging av parallellspråkbruk ved HVL.....	4
Bakgrunn for kartlegginga	4
Arbeidsgruppe	4
Mandat og arbeid med rapporten	5
Om rapporten	5
Vidare arbeid med parallellspråk.....	7
Språkpris.....	9
Rapportering til Språkrådet	11
Norsk kurs for tilsette som ikkje har norsk som morsmål.....	12
Språkressurside på intranett	13
Vegen vidare – prioriteringar for 2021	14

Innleiing

Høgskulen på Vestlandet har heilt i frå starten i 2017 satsa på språkarbeid. Mellom anna står det i strategien vår at vi har ein tydeleg nynorsk profil, og at vi skal arbeide aktivt for norsk som eit fullverdig vitskapeleg språk. Språkarbeidet ved HVL famnar om svært mange ulike ting, og går på tvers i organisasjonen. Det omfattar alt i frå å legge til rette for kurstilbod og støttetjenester innan nynorsk, engelsk, teiknspråk og akademisk skriving, til større utgreiingar og rapporteringar og viktige markeringar, som til dømes utdeling av språkprisen. Det siste året har det mellom anna vore jobba mykje med å kartlegge situasjonen for parallellspråk ved høgskulen.

Språkpolitisk utval

Styret ved HVL vedtok våren 2018 HVL sine språkpolitiske retningslinjer. Dei språkpolitiske retningslinjene for HVL er utforma med tanke på at «høgskulen skal kunne vere eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular når det gjeld god og rett bruk av språket; særleg nynorsk, men òg bokmål og teiknspråk. Høgskulen ønskjer dessutan å finne ein god balanse mellom bruken av norsk og det viktigaste parallellspråket, engelsk, både når det gjeld utdanning, forskning og formidling.

I følgje retningslinjene skal eit eige språkpolitisk utval, oppnemnt av rektor, ha ansvar for oppfølging og gjennomføring av dei språkpolitiske retningslinjene og for høgskulens språkpolitikk. Utvalet skal kvart år lage ein rapport til styret for HVL om utviklinga på det språkpolitiske feltet.

Utvalet skal spesielt sjå til at:

- høgskulen står fram med ein tydeleg nynorsk profil
- klarspråk vert lagt til grunn for skriftleg og munnleg kommunikasjon frå og ved høgskulen
- ingen av dei to norske målformene er representerte med mindre enn 25 prosent
- høgskulen tek eit særleg ansvar for å ta i vare og utvikle eit god norsk, særleg nynorsk, språk innanfor dei profesjons- og arbeidslivsretta faga og utdanningane ved HVL
- høgskulen finn ein rimeleg balanse mellom bruken av norsk og engelsk i undervisning, forskning og formidling
- forholda vert lagde til rette for bruk av norsk som vitskapeleg språk ved HVL
- digitale og andre språklege hjelpemiddel er lett tilgjengelege både for tilsette og studentar ved høgskulen

Oppfølging av dei språkpolitiske retningslinjene krev auka språkleg medvit og kompetanse ved HVL. Det er såleis ei viktig oppgåve for utvalet å sørgje for tilbod av:

- relevante opplæringskurs (særleg nynorsk, engelsk)
- enkle skrivereglar på norsk (bokmål og nynorsk)
- kurs i teiknspråk
- kartlegging av språksituasjonen og opplæringsbehova blant ulike grupper tilsette og studentar
- Utvalet skal lage toårige handlingsplanar og årleg rapportere til styret om arbeidet sitt.
- Utvalet skal òg utarbeide budsjett for å kunne prioritere mellom dei ulike tiltaka og oppgåvene som vert føreslegne.

Medlemmer og utvalsmøte

Språkpolitisk utval blei oppnemnt hausten 2018. I 2020 hadde utvalet denne samansettinga:

- Liv Reidun Grimstvedt (prorektor for samhandling og nærregion Stord/Haugesund, leiar for utvalet)
- Grete Netteland (dekan, Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap)
- Tarald Seldal (instituttleder, Fakultet for ingeniør- og naturvitskap)
- Eli Bjørhusdal (professor, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett)
- Alice Kvåle (prodekan for forskning ved Fakultet for helse- og sosialvitskap)
- Marie Charlotte M. Kettunen (nestleder i Studenttinget på Vestlandet)
- Kristina Ersland (Studenttinget på Vestlandet)
- Svein Ove Eikenes (avdelingsleder for avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt)

Elin Espe Stensvand (Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt) er sekretær for utvalet.

Sidan våren 2019 har det vore sett av ein 50 prosent stillingsressurs ved Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt som er dedikert til å følgje opp språkarbeidet ved høgskulen i det daglege.

Utvalet gjennomførte til saman fem møte i 2020: 24. januar, 27. april, 17. juni, 28. september og 25. november. Sakspapir og referat frå utvalsmøtene blir publiserte i publiseringsløysinga Opengov og er tilgjengeleg både internt og eksternt. Utvalet handsama til saman 24 saker i 2020.

Språkarbeid ved HVL i 2020

Under gir vi ei oppsummering av dei viktigaste språksakene ved HVL i 2020.

Kartlegging av parallellspråkbruk ved HVL

Arbeidet med å undersøke den parallelle bruken av norsk og engelsk ved HVL har vore den mest prioriterte språkpolitiske saka ved HVL i 2020, og det arbeidet det har blitt satt av mest ressursar til. Arbeidet har vore eit nybrottsarbeid for høgskulen, og kunnskapsgrunnlaget som har blitt arbeida fram gir eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med denne tematikken. Dei siste åra har parallellspråkbruk fått auka merksemd og medvit både ved HVL og i UH-sektoren generelt.

Bakgrunn for kartlegginga

I universitets- og høgskulesektoren får engelsk ein stadig større plass i mellom anna forskinga, undervisninga og formidlinga. Samstundes har sektoren eit lovpålagt ansvar for å utvikle og vedlikehalde det norske fagspråket. I Noreg (og Norden) er strategien for å møte dette motstridande presset å arbeide etter eit prinsipp om parallellspråk, der ein *både* satsar på bruken av nasjonalspråket og engelsk i akademisk samanheng¹.

I tildelingsbrevet til HVL for 2020 frå Kunnskapsdepartementet, datert 18.12.2019, var språk ein av kategoriene:

4.2.5 Norsk språk

Universitetene og høyskolene har et lovpålagt ansvar for norsk som fagspråk, og institusjonene skal ha egne språkstrategier. Internasjonaliseringen av forskningen og økt bruk av engelsk gjør det nødvendig at institusjonene har en strategisk tilnærming til denne problemstillingen. Departementet vil i løpet av 2020 ta initiativ til en gjennomgang av institusjonenes språkstrategier. Institusjonene og virksomhetene er pålagt å følge målloven. Også i 2019 påpekte Språkrådet at et flertall av UH-institusjonene ikke innfrir kravene om at begge målformene skal være representert med minst 25 pst. Departementet ber om at UH-institusjonene følger opp og setter inn nødvendige tiltak. Vi minner om at forslag til ny språklav har vært på høring høsten 2019, og at regjeringen legger frem en Språkmeldingen våren 2020.

Språkpolitisk utval vedtok i utvalsmøtet 24. januar 2020 å oppnemne ei arbeidsgruppe for kartlegging av parallellspråkbruken ved HVL. Arbeidsgruppa blei sett saman av medlemmer frå ulike administrative einingar ved høgskulen:

Arbeidsgruppe

- Siren Erichsen (rådgivar, Avdeling for HR)
- Kåre Johan Mjør (førstebibliotekar, Biblioteket)
- Tiril Elise Strand Johnsen (rådgivar, Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon)

¹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf>

- Bente Sønsthagen (fagansvarleg, Avdeling for utdanningskvalitet)
- Marie Charlotte M. Kettunen (nestleiar i Studenttinget på Vestlandet)

Elin Espe Stensvand var sekretær for rapporten. Avdelingsleiar Svein Ove Eikenes bidrog også til arbeidet.

Mandat og arbeid med rapporten

Arbeidsgruppa fekk følgande mandat:

1. Arbeidsgruppa skal kartlegge bruken av norsk og engelsk (parallellspråkbruken) i undervisning, pensumlitteratur og formidling ved HVL.
2. Arbeidet (kunnskapsgrunnlaget + problemstillingar/utfordringar for organisasjonen), skal leggast fram for Språkpolitisk utval som eiga sak i september 2020.

Arbeidsgruppa hadde fire møte i perioden juni til september 2020. Den ferdige rapporten blei presentert for Språkpolitisk utval i møtet 28. september.

Om rapporten

I rapporten² har arbeidsgruppa sett på tre parallellspråkbruksområde: pensumlitteratur, undervisning og formidling. Rapporten har tre hovuddelar. I kvar hovuddel blir det presentert eit talmateriale, henta frå det aktuelle språkbruksområdet. I dei to første delane (pensumlitteratur og undervisningsspråk) er det først ei oversikt over tal for heile HVL, og deretter for institutta ved kvart fakultet. Tala er henta frå tidsspennet 2018 til 2020. I den tredje delen (publisering) er tala presenterte for HVL samla, og deretter for kvart fakultet. I denne kategorien blir det berre presentert tal for 2019. Rapporten har også ein avsluttande del der talmaterialet frå hovuddelane av rapporten blir sett i lys av dei språkpolitiske retningslinjene til HVL.

Ut i frå talmaterialet som blir lagt fram i rapporten, er det tydeleg at HVL på noverande tidspunkt har ei klar overvekt av norsk som undervisningsspråk og språk i pensumlitteratur, på alle utdanningnivå. Publiseringa ved HVL går derimot stort sett for seg på engelsk. Formidling av forskning i vitenskaplege publikasjonar vil i mange tilfelle måtte vere på engelsk, men samstundes er det viktig å sikre formidlinga på norsk, både til studentar og samfunnet elles. I dei språkpolitiske retningslinjene heiter det at «fagfolk/forskarar ved HVL skal oppmuntrast til å arbeide med å utvikle og utarbeide norsk terminologi innanfor sine akademiske felt, og å kommunisere denne til studentane og til ålmenta. Forskarar skal òg oppmuntrast til å omsetje utanlandske verk/arbeid og faglitteratur til norsk».

² <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/rapport/rapport-fra-kartlegging-av-parallellsprakbruken-ved-hvl.pdf>

Ut i frå undersøkingane av pensumlitteraturen kan ein seie at HVL samla sett arbeider i tråd med dei språkpolitiske retningslinjene, som seier at «HVL skal ta på seg eit særleg ansvar for at studentane ved høgskulen skal lære seg og kunne ta i bruk god norsk fagterminologi på dei fagområda høgskulen gjev undervisning i».

I dei språkpolitiske retningslinjene til HVL står det også at det vesentlege av undervisninga på bachelor- og masternivå ved HVL skal vere på norsk. Rapporten viser at for HVL samla blir denne forventinga oppfylt, men for studentar ved dei institutta med svært mykje undervisning på engelsk, vil dei truleg kunne fullføre studia sine utan å ha fått «ein vesentleg del» av undervisninga på norsk.


Arbeidsgruppa trekker fram at ein innan fagområda med den høgste graden av engelsk pensumlitteratur og undervisningsspråk, på sikt kan få ei mogleg utfordring med å bevare og utvikle norsk fagterminologi utan at ein til dømes brukar norske læreverk, relevant forskingslitteratur og termar i undervisninga. Samstundes er det ikkje eit mål at studentane berre skal møte norsk pensumlitteratur. Både akademia og arbeidslivet blir i stadig aukande grad internasjonalsert, og det er difor viktig at studia ved HVL også har ein internasjonal dimensjon.

For å sikre norsk som eit fullferdig arbeidsspråk, også i UH-sektoren, er ein avhengig av å ha ei bevisst haldning, og gjerne ein strategi, for å sørge for at dette skjer. Tanken bak parallellspråkstrategien er at «norsk og engelsk må kunna brukast side om side, men slik at norsk blir verande det føretrekte språket. Norsk skal då brukast dersom det ikkje er nødvendig eller formålstenleg å bruka engelsk i staden». Altså: bruk norsk når du kan, engelsk når du må.

Arbeidsgruppa meiner at det også ville vore interessant med meir kunnskap på dette området i sektoren generelt. Dette vil kunne gi eit grunnlag for å kunne samanlikne parallellspråkbruken ved ulike institusjonar, noko som kan gi eit enda meir utfyllande bilete av språksituasjonen i akademia, både no og framover

Mest norsk, men bruken av engelsk aukar ved Høgskulen på Vestlandet

To år etter innføring av ein ambisjøs språkpolitikk har Høgskulen på Vestlandet (HVL) kartlagt bruk av norsk og engelsk fagspråk.



Skjermdump – sak i Khrono 4.11.2020³

Vidare arbeid med parallellspråk

Etter at arbeidsgruppa hadde gjort ferdig arbeidet⁴, blei rapporten presentert for språkpolitisk utval. Deretter blei resultatane frå rapporten presentert i leiarmøta på alle dei fire fakulteta ved HVL. Det var viktig for utvalet å kome i dialog med fakulteta og institutta, ettersom det er dei som veit kvar skoen trykker. Det har vore gode dialogar med fakulteta om parallellspråkbruk, og merksemda for dette arbeidet er styrka. Eit viktig tema i møta var norskopplæring for tilsette som ikkje har norsk som morsmål. Fakulteta etterlyste tydelegare retningslinjer for norskkompetanse for tilsetting og krav til opplæring på HVL-nivå. Det kom også fram ønske om eit internt kurstilbod i norsk, i tillegg til dei eksterne tilboda som HVL nyttar i dag. Ei anna viktig sak var balansen mellom engelsk og norsk fagspråk i formidling av forskinga ved HVL. Sjølv om HVL har ei aukande grad av publisering på engelsk, vil det vere viktig å sørge for at forskingsresultata også blir gjort tilgjengeleg på norsk. I universitetsambisjonen ligg det at HVL skal vere eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet, og det vil såleis vere viktig at forskinga vår kjem både studentane våre, og profesjonane vi utdannar til, til gode. Språkpolitisk utval legg til grunn at ei ny kartlegging av parallellspråkbruk ved HVL bør gjennomførast med jamne mellomrom, og vi ser for oss ei ny kartlegging om to år.

³ <https://khrono.no/mest-norsk-men-bruken-av-engelsk-aukar-ved-hogskulen-pa-vestlandet/529013>

⁴ <https://www.hvl.no/aktuelt/har-kartlagt-bruken-av-norsk-og-engelsk-ved-hvl/>

Diku-rapport: "Språkstrategiar i høgare utdanning"

Diku fekk i 2020 i oppdrag å ta ein gjennomgang av språkstrategiane for universitet og høgskolar. Formålet var å gi departementet ei fagleg vurdering av korleis UH-institusjonane utøver ansvaret for norsk som fagspråk, samtidig som dei også skal legge til rette for internasjonalisering. HVL sitt språkarbeid får gode tilbakemeldingar i Diku-rapporten, der mellom anna arbeidet med parallellspråk får omtale:

"Rapporten som HVL har utarbeida gjev eit godt inntrykk av situasjonen for norsk som fagspråk ved HVL, og er til god hjelp i det strategiske arbeidet vidare. Uavhengig av kva som skjer med Unit sine data over studielitteratur nasjonalt, vil ein eigen språkrapport vere nyttig i fagspråkarbeidet ved alle institusjonar⁵."

Diku la fram hovudfunna sine frå rapporten på eit nettmøte 8. april 2021. Rektor ved HVL, Gunnar Yttri, var invitert til å delta i ein panelsamtale om språk i UH-sektoren.

⁵ <https://diku.no/aktuelt/korleis-staar-det-til-med-norsk-fagspraak>

Språkpris

Språkpolitisk utval vedtok i møtet 11.9.2019 å starte arbeidet med å få på plass ein språkpris ved HVL. Tiltaket er også forankra i utvalet si handlingsplan.

HVL har to prisar på institusjonsnivå i tillegg til språkprisen. Dette er pris for utdanningskvalitet og FoU-prisen. Utdanningskvalitetsprisen blei delt ut for første gong i 2019, medan FoU-prisen også blei lyst ut for første gong i 2020.

Statuttane for HVL sin språkpris blei vedtatt av språkpolitisk utval i møtet 21.11.2019:

HVL sin språkpris går til ein tilsett, ein student eller ei eining ved høgskulen som har utmerka seg med sterk fagleg formidling og eit godt, klart språk, i tråd med dei [språkpolitiske retningslinjene](#).

- 1. HVL sin språkpris blir delt ut kvart år for å fremje fagmiljø eller enkeltpersonar som har markert seg når det gjeld formidling og god norsk språkbruk, fortrinnsvis på nynorsk.*
- 2. Prisen blir tildelt kandidatar som har gjort ein merkbar innsats for å formidle faget eller forskinga si på ein framifrå måte. Det blir spesielt lagt vekt på gjennomslagskraft og synlegheit lokalt/regionalt og eit godt, klart språk.*
- 3. Alle tilsette, studentar og formelle høgskule- og studentorgan kan melde inn framlegg til kandidatar. Alle forslag må grunngjevast.*
- 4. Språkpolitisk utval oppnemner ein jury som vurderer kandidatane.*
- 5. Prisen er på 25.000 kroner.*

I utgangspunktet var planen at språkprisen skulle bli delt ut saman med dei to andre HVL-prisane under HVL-samlinga i Grieghallen i november, men sidan dette arrangementet vart utsett, blei ikkje dei ulike HVL-prisane delt ut samla i fjor.

Juryen for den første utgåva av språkprisen var språkpolitisk utval.

Juryen fekk inn fleire svært gode nominasjonar, og valte ut fire finalekandidatar. Dette var:

- Falturiltu– nynorsk barnebokfestival på Stord
- Barnehagelærerutdanninga i Sogndal
- Rune Herheim, førsteamanuensis i matematikdidaktikk, FLKI
- Morten Hammerborg, professor i moderne historie ved Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag, FLKI

Språkpolitisk utval var likevel samstemte om at ein av kandidatane skilte seg spesielt ut. HVL sin første språkpris blei tildelt til førsteamanuensis Rune Herheim ved FLKI. Prisen var på kroner 25.000

og prisvinnaren blei offentleggjort i ei eiga sak på Vestibylen og hvl.no⁶



VANN PRIS: Færdigmannens Rune Herheim jekkar på Høgskulen på Vestlandet, for sine 52 heimskontor på Voss. Denne veka vann han språkpris, mellom anna for arbeidet sitt med det matematiske tidsskriftet Tangenten. **FOTO: HØGSKULEN PÅ VESTLANDET**

Rune vann språkpris:

- Eg har konstant skrivesperre

Rune Herheim har vunne Høgskulen på Vestlandet sin språkpris for sitt arbeid med å formidle forskning i matematikkfaget på norsk, og ikkje minst nynorsk.

Sara Finne
sfinne@hordaland.no

redaktør for Tangenten – et
tidsskrift for matematikkun-
derveitingar i skolen som utvik-
lar alle fagområdene

Vil verna norsk som fagspråk
for å bevare den norske fag-
terminologien i matemati-
kklitteratur. Her i tidsskriftet
Tangenten derfor berre nor-
ske tekstar. Rune meiner at
engelsk har vorte allfor domi-
nerande i det akademiske
språket, og trurder å styrke
denne utviklinga

Konstant. Det er alltid eit ele-
ment av ubehage når eg skriv.
Det koster krefter å komma inn i
somnia, og det er veldig sjelden
at det går lett å skriva ein tekst,
rykkjer eg, det er som roget eit
sitt, seier han og ler.
Samstundes kan eg òg ein
stikkelsig lukkesjensle når eg
kjenner at eg har fått det til.

Eg rykkjer i alle fall at eg må
det, for så han skal verna god-
nøk. Det beste er å la teksten
ligga litt, og så sjå på den med
nye augo etter et stund. Flytta
litt på ting, få ein god flyt i
enkeltsetningar og avsnitt, og få
ei formåing rekkefylje på ting.


Avkapping på sykkelsetet
For vider å verna norsk

Avisutklipp – Avisa Hordaland 22.12.2020

I grunngjevinga for prisen sto det følgande:

“I tillegg til å forske og undervise er Herheim redaktør for Tangenten –tidsskrift for matematikkundervisning, der lærarar, forskarar og lærarutdannarar skriv faglitteratur på norsk. Bladet publiserer også nivå 1-artiklar på norsk, noko som gir ein moglegheit for ph.d.-studentar og andre matematikkforskarar som ønsker å formidle faget sitt på norsk. Som redaktør brukar Herheim også alltid nynorsk til å opne alle utgåvene av tidsskriftet. Rune Herheim har vore både forfattar og redaktør for fleire fagbøker på norsk, mellom anna «Demokratisk danning i skolen» og «Matematikksamtaler». Juryen meinte at Herheim gjor ein framifrå jobb med å formidle faget sitt på (ny)norsk, gjennom både undervisning og formidling. På denne måten stimulerer han til å ta vare på og utvikle fagterminologi innan eit fagområde som gjerne er prega av engelsk.”

⁶ <https://www.hvl.no/aktuelt/vinnar-av-sprakprisen-2020/>



Skjermdump – Språkprisen blei delt ut digitalt av rektor Berit Rokne. Instituttleiar Kristin Ran Choi Hinna og prorektor for samhandling og leiar for språkpolitisk utval, Liv Reidun Grimstvedt var også til stades under tildelinga.

Rapportering til Språkrådet

HVL har valt nynorsk som hovudmålform, og ønsker å stå fram med ein tydeleg nynorsk profil. HVL har sitt kjerneområde i ein region der andre store offentlege aktørar, som Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland, også har nynorsk som målform. Det er viktig for nynorsken, som nasjonalt er eit mindre språk enn bokmål, at sentrale institusjonar i kjerneområdet støttar opp om og er aktive brukarar av dette språket

Sentrale statsorgan skal kvart år rapportere om bruken av bokmål og nynorsk til Språkrådet. HVL leverte i 2020 rapport for 2019, og fekk gode tilbakemeldingar frå Språkrådet:

Som vi etter kvart er blitt vande med, gjer Høgskulen på Vestlandet også denne gongen ein særst god jobb for jamstillinga mellom målformene. At de også kursar dei tilsette jamleg, viser at de tek språkarbeidet generelt og målbruksarbeidet spesielt på alvor. Det skal de ha ros for. De gjer òg eit godt arbeid for det norske fagspråket. Det er viktig i fleire samanhengar enn den reint målpolitiske, òg.

Vi håpar å sjå alle skjema i begge målformer i løpet av 2020 (brev frå Språkrådet 12.6.2020).

I tabellen under går det fram kva HVL rapporterte inn, samt tilbakemeldingane frå Språkrådet.


Tekstkategori	Resultat	Merknad
Nettsider	43,4 % nynorsk på www.hvl.no	Statsorganet oppfyller krava i mållova.
Korte tekstar, 1-10 sider	79, % nynorsk	Statsorganet oppfyller krava i mållova over tid.
Tekstar over 10 sider	66,3 % nynorsk	Statsorganet oppfyller krava i mållova.
Sosiale medium	79,5 % nynorsk	Statsorganet oppfyller krava i mållova over tid.
Skjema	19 av 27 skjema finst i begge målformene	Statsorganet oppfyller ikkje krava i mållova.

I 2020 har HVL jobba med å digitalisere skjema for studentar, og fleire av desse finst no i nynorsk og bokmål versjon. Arbeidet held fram i 2021. Språkpolitisk utval følger opp vidare med aktuelle einingar.

Digitalt nynorsk kurs med Språkrådet

HVL kontakta hausten 2020 Språkrådet for å høyre om dei kunne tilby kurs i nynorsk for tilsette ved høgskulen. Tidelegare har HVL arrangert fysiske nynorsk kurs, men grunna pandemien blei det nødvendig å få til alternative, digitale løysingar.

Språkrådet var positive til initiativet og det blei avtalt at HVL skulle vere pilot for Språkrådet sitt nye, digitale nynorsk kurs. I november blei kurset gjennomført med 13 deltakarar frå ulike einingar ved HVL. Kurset gjekk over to dagar og fekk gode tilbakemeldingar.



Skjermdump – digitalt nynorsk kurs

Norsk kurs for tilsette som ikkje har norsk som morsmål

Høgare utdanning og forskning vert i aukande grad internasjonalt. Det gjeld også ved Høgskulen på Vestlandet. Internasjonaliseringa fører til auka rekruttering av undervisnings- og forskarpersonale som ikkje har norsk som morsmål. I HVL sine språkpolitiske retningslinjer står det at «fast tilsette ikkje-skandinavar i faglege eller administrative stillingar skal kunne utføre arbeidet sitt på norsk etter nokre år i stillingane. Kunnskapar i norsk munnleg og skriftleg er mellom kriteria som skal leggjast til grunn for tilsetjing i faste stillingar. HVL skal tilby gratis

kurs i norsk, både nynorsk og bokmål.»

Avdeling for HR har i 2020 jobba godt med desse kursbehova og fekk i 2020 på plass ein avtale om nivåtilpassa, digitale kurs ved Nygård skole i Bergen. Alle leiarar ved HVL blei informerte om tilbodet som resulterte i til saman 18 kursdeltakarar frå HVL.

Fleire tilsette ved HVL følger også NTNU sitt digitale opplegg for norskopplæring. Dette tilbodet er omtalt i medarbeidarhandboka, som er tilgjengeleg på Vestibylene.

Språkressurside på intranett

Vestibylene > Organisasjonen > Administrasjonen > Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt > Språkressursar og språkarbeid

Publisert 25.10.19 - 12:46 Endra 03.03.21 - 13:04

Språkressursar og språkarbeid

Lagre som anarveg

Språkhjelp og skriveressursar for HVL-tilsette.

Rapport frå kartlegging av parallellspråkbruken ved HVL >

Digitalt nynorskkurs >

Språkarbeid ved HVL

Språkpolitiske retningslinjer for HVL >

Språkpolitisk utval >

I 2019 blei det oppretta ei språkressursside for tilsette på intranettet Vestibylene: www.hvl.no/sprak.

Desse sidene skal sørge for at dei tilsette lett skal kunne finne til dømes ordbøker, omsetjingsressursar og nyttige lenker til kurs og språkhjelp. Tiltaket har fått gode tilbakemeldingar, og tala viser at ressursidene er mykje i bruk. Arbeidet med å utvikle dei vidare held fram i 2021.

Nynorskfylket Vestland

Nynorskfylket er eit nettverk for aktørar som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. Nettverket vart oppretta av fylkestinget i Sogn og Fjordane i 2012 og har sidan den gong vore samansett av 17 deltakarar som representerer offentleg sektor, privat næringsliv og sivilsamfunnsorganisasjonar.

Fylkestinget i Vestland vedtok i møte 3.-4. mars 2020 å utvide nettverket til Vestland fylke under namnet Nynorskfylket Vestland.

Prorektor for samhandling og leiar for språkpolitisk utval, Liv Reidun Grimstvedt, representerer HVL i nettverket, og professor ved FLKI og medlem i språkpolitisk utval, Eli Bjørhusdal, er med i arbeidsutvalet.

Vegen vidare – prioriteringar for 2021

Då årsrapporten for 2019 blei lagt fram for styret ved HVL i april 2020, oppmoda styret om at ein burde vurdere å evaluere at språkarbeidet ved institusjonen. Språkpolitisk utval vil starte eit arbeid med å gå gjennom HVL sitt språkpolitiske arbeid i 2021. Ein del av evalueringa bør sjåast i samheng med den nye språklova. Utvalet ser det også som naturleg å knyte Jorunn Simonsen Thingnes sitt doktorgradsarbeid inn i eit slikt utviklingsarbeid. Thingnes disputerte for doktorgraden ved Universitetet i Oslo 9. oktober 2020. I doktoravhandlinga si: “Å velje minoriserte språk. Språkpolitikk og språkval i akademisk”⁷. Her har ho undersøkt språkpolitikk og språkval ved Samisk høgskule og Høgskulen på Vestlandet (HVL). Thingnes er i dag tilsett som førsteamanuensis ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking ved HVL. Ho presenterte doktorgradsavhandlinga si for Språkpolitisk utval på møtet den 25. november 2020.

I etterkant av framlegginga av parallellspråkrapporten for fakulteta, var eit av dei viktigaste temaane norskopplæring for tilsette som ikkje har norsk som morsmål. Det har vore eit ønske om tydelegare retningslinjer for norskkompetanse for tilsette og krav til opplæring på HVL-nivå. Denne problemstillinga blir også tatt opp i DIKU sin rapport om språkstrategiar.

Språkpolitisk utval ønsker å samarbeide med aktuelle einingar, både internt og eksternt, for å finne ut korleis HVL kan vidareutvikle tilbodet for utanlandske arbeidstakarar som skal lære seg norsk.

Det vil også vidare vere viktig å sørge for relevante opplæringskurs i til dømes nynorsk, klarspråk og teiknspråk for tilsette.

Planlegging og gjennomføring av språkpolitiske tiltak ved HVL skjer i samarbeid med andre einingar og organ ved høgskulen. I praksis vil dette seie at Språkpolitisk utval jobbar i linja, gjennom fakulteta og dei ulike einingane ved HVL.

⁷ <https://www.duo.uio.no/handle/10852/80634>